

Ettersending av dokument til formannskapet 01.12.2015

Vedlegg til PS 187/15, Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019:

- KRF – spørsmål og svar om budsjett og økonomiplan s. 1
 - Aarflot Fysioterapi AS – utviding av driftsavtale s. 3
 - Utdanningsforbundet – Kommentarer til årsbudsjettet og økonomiplanen s. 10
-
- PS Gebyr for vatn og kloakk 2016 s. 13
- PS Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester s. 18

Fra: Rune Sjurgard
Sendt: 27. november 2015 12:37
Til: Margrete Bjerkvik; V-Postmottak
Kopi: Henrik Skovly
Emne: SV: Budsjett og økonomiplan

Eg syner til e-posten. Eg har vore oppteken med møte fram til no, og har ikkje hatt høve til å svare før.

Som eg **presiserte** på formannskapsmøtet den 24. november så har rådmannen lagt fram sitt forslag til budsjett, og at no er prosessen til politisk handsaming. Formannskapet eller kommunestyret kan sjølv sagt som politiske organ, om dei vil, utsetje prosessen og be rådmannen utarbeide eit nytt framlegg ut frå konkrete politiske føringar. Som eg presiserte i nemnde møte vil administrasjonen bistå forslagsstillarar med teknisk oppsett av politisk forslag.

Det er visse krav til budsjettprosessen, og konsekvensar av tiltak skal vere utgreidde. I samband med budsjettprosessen for 2013 vart det gjort bestillingar frå enkeltgruppering til administrasjonen om omfattande utgreiingar. Dette vart den gongen presisert av den politiske leiinga at eventuelle slike bestillingar skal gjerast av politiske avgjerdsorgan.

Prosesen er som nemnt no politisk, og dei politiske gruppene har sin fulle rett til å fremje sine forslag for å få fram sin politikk. Administrasjonen kan bistå dykk i å avklare konsekvensar av tiltak. Omfattande tiltak som de skisserer i nemnde e-post vil krevje tid å avklare konsekvensane av, og i realiteten innebere at prosessen må utsetjast dersom dei får fleirtal.

Eg forstår det slik at KRF-gruppa ynskjer å sjå på eit alternativt forslag der ein held fast på 2 promille i eigedomsskatt i heile perioden. I den økonomiplanen som gjeld no er det innarbeidd 4 promille i eigedomsskatt frå og med 2016. I rådmannen sitt forslag til budsjett for 2016 er dette foreslått endra ved at eigedomsskatten er lagt på 2 promille. For resten av perioden følgjer rådmannen sitt forslag dei premissane kommunestyret har lagt til grunn med 4 promille i eigedomsskatt. Differansen mellom 2 til 4 promille i eigedomsskatt utgjer 16 millionar kroner. Det vil seie det beløpet ein må finne kompensasjon for kvart av åra i perioden 2017 – 2019 dersom ein i planen held fast på 2 promille. Dette representerer om lag 25 stillingar. Kvar desse ev skal hentast frå er politikk. Slik eg forstår e-posten er det ein intensjon om å sjå på dette i samband med kommunereforma, og forslagsstillar kan kome med konkrete tiltak av kommunereforma og kva stillingar ein har forventingar om kan takast vekk. I ein økonomiplan er dette ikkje bindande, men førande for komande budsjettprosessar. Sjølv om tiltak ikkje er bindande i økonomiplansamanheng, så bør eventuelle forslag om kutt i konkrete stillingar likevel konsekvensutgreiast og sjåast i ein heilskapleg samanheng.

Eg gjer merksam på at rådmannen i sitt forslag til økonomiplan har innarbeidd følgjande netto utgiftsreduksjon:

- 11 mill i 2017
- 19,8 mill i 2018
- 25,4 mill i 2019

Rådmannen foreslår vidare at det vert organisert ein prosess i 2016 for å konkretisere tiltak, altså korleis desse utgiftsreduksjonane skal hentast ut.

Arbeidet med budsjett og økonomiplan er ein omfattande prosess som har gått over fleire månader med mange involverte. Dei ulike forslaga til tiltak er vurdert ut frå situasjon og utfordringar. Som følgje av valår og sein konstituering vert den politiske prosessen i år særskilt utfordrande.

I samsvar med prosessane tidlegare år, har det vore lagt opp til at skriftleg kommunikasjonen mellom politiske grupperingar og administrasjon vert gjort kjent for formannskap/kommunestyre. På det stadiet

ein no står i prosessen, så finn eg det naturleg at kopi av desse e-postane vert lagt fram for formannskapet.

Mvh

Rune Sjurgard

Fra: Margrete Bjerkvik [<mailto:margretebj@gmail.com>]

Sendt: 26. November 2015 19:37

Til: Rune Sjurgard; V-Postmottak

Emne: Budsjett og økonomiplan

Rådmann

KRF ynskjer å få framlagt ein korrigert økonomiplan som legg til grunn uendra eigedomskatt. Vi trur at korrigeringa trulig får utslag for nye stillingar, men vil gi rom for administrasjonen i å utarbeide eit forslag.

Vi oppfatter økonomiplanen som kortsiktig i høve prosessen med kommunereforma. Trulig kan vi alt neste haust begynne å planlegge interkommunalt i ressursbruken.

Sender denne meldinga som førehandsvarsel om politisk forslag.

Mvh

Margrete Bjerkvik

Gruppeleiar

Aarflot Fysioterapi AS
Industrigt 12
6100 Volda
Tlf.70076320

Volda 30.11.2015

Utviding av driftsavtalane ved Aarflot Fysioterapi AS var av dei tiltaka som kom med på såkalla tiltakskort i budsjettprosessen i år. Vi er kjent med at rådmannen ikkje har prioritert dette i sitt forslag til budsjett og vil i samband med dette informere om saka.

Viser til Saksdokument Arkivsak nr. 2012 / 2272 til Driftsstyret. Arkivkode G27.

Vi har i fleire år søkt om utviding av driftsavtalane våre ved Aarflot Fysioterapi AS. Det har vore orientert om vår drift til kommunepolitikarar og saka blei grundig gjennomgått ved dåverande helsesjef Runa Bakke. Det blei prioritert frå administrasjonen å auke tilskota frå 150% til 300% ved Aarflot Fysioterapi AS tidlegare. Kostratal viser at Volda kommune ligg lågt på fysioterapidekning i forhold til kommunene rundt oss og landet elles. I Volda har vi i tillegg til folketalet også stor pågang både av studentar og asylsøklarar, noko vi merkar godt.

Per dags dato har vi 50% driftstilskot kvar, men tilbodet vi gir er tilsvarende 3 heile avtaler. Det vil seie at kommunen berre er med og finansierer sin del når det gjeld halve drifta ved vårt institutt. Dette har vore situasjonen sidan oktober 2006. For vår del vil det seie at vi manglar ein vesentleg del av den finansieringa som ein her i landet har rekna skal til for å drive eit fullgodt fysioterapitilbod på privat basis. Likevel har vi i alle desse åra valt å gje dobbel mengde fysioterapitilbod til pasientane i forhold til det kommunen er med og finansierer.

Fleire årsaker til at vi har valt å gjere dette:

- 1) Stor pågang av pasientar som vi ser har eit klart behov for fysioterapi. Fysioterapi er vesentleg for deira helse. Vi har heile tida kjempa med ei altfor lang venteliste. Denne har gradvis auka sidan 2006.
- 2) Svært tydelege signal frå kommunen si side (ikkje skriftleg) at kommunen håpa og nærast forventa at vi skulle arbeide utover avtalen på 50%.
- 3) Også sterkt påtrykk frå kommunen i samband med oppretting av den siste 50% avtalen i 2006 at dette skulle føre til samlokalisering av fleire fysioterapeutar. Den gong hadde kommunen 3 avtalefysioterapeutar som dreiv kvar for seg og ein var ikkje nøgd med det. Kommunen ynskte ei betre fysioterapiteneste ved at fleire dreiv saman og kunne drive meir effektivt og satse meir på lokale og utstyr. Dette har vi følgd opp ved å gå saman 3 fysioterapeutar. Vi har satsa på gode lokale, treningsutstyr og fagleg utvikling.
- 4) Det er umogeleg å finansiere dette ved å arbeide berre 50% kvar som avtalen tilseier. Vi har vegra oss mot å dele opp veka og seie at i 50 % av tida arbeider vi reint privat(utan noko form for offentleg finansiering). Konsekvensen hadde blitt at dei pasientane som var så uheldig å kome til på feil vekedag hadde måtta dekke heile kostnaden sjølv uavhengig av om deira diagnose/sjukdom/skade eigentleg gav rett til dekning gjennom det offentlege. Vi har altså sidan 2006 arbeidd med mindre inntening på alt vi arbeider utover dei 50% på kvar som avtalen tilseier.
- 5) Vi har også heile tida hatt den forventinga at vi arbeider på denne måten i påvente av at kommunen ordnar opp i dette misforholdet. I 2012 møtte vi tydeleg godvilje og forståing for dette frå både helsesjef og rådmann.
- 6) Vi har seinare venta tolmodig då vi såg at utviding av våre avtaler blei utsett p.g.a. vanskeleg økonomi i kommunen. Men når vi no ser at rådmannen i si tilråding til budsjett

prioriterer ned utviding av avtaler for Aarflot Fysioterapi i ein langtidsplan framover vert situasjonen vanskeleg.

Vi oppmodar no politikarane både i Formannskapet og Kommunestyre om å sette seg inn i denne saka. I løpet av perioden vi har drive med berre halvparten av den finansieringa som vår drift burde utløyse frå kommunen si side har dette vorte økonomisk vanskelegare å gjennomføre. Stadig større misforhold mellom kostnadsauke og våre inntekter. De må difor ikkje rekne med at vi kan greie å oppretthalde drifta som no utan positiv vilje frå kommunen til å støtte opp og om ikkje anna byrje på ein opptrappingsplan for våre avtalar mot 300%.

Beste helsing frå fysioterapeutane ved Aarflot Fysioterpi AS

Arne Heggen

Silje Heltne

Karen Aarflot



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Runa Bakke

Arkivsak nr.: 2012/2272

Arkivkode: G27

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Driftsstyret	

ORIENTERING OM FYSIOTERAPITENESTA I VOLDA KOMMUNE. UTVIDING AV DRIFSAVTALAR.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Driftsavtalane ved Aarflot fysioterapi AS blir utvida. Primært bør utvidinga skje slik at det totalt er 300% avtalar i selskapet, fordelt på 3 fysioterapeutar. Sekundært kan det skje ei gradvis opptrapping av driftsavtalane til dette nivået. Dersom aksjeselskapet vert oppheva, skal driftsavtalane delast likt mellom dei tre fysioterapeutane.*
- 2. Driftsstyret vil be om at utvidinga (kr. 563.400) vert vurdert innarbeidd i budsjettet for 2013.*
- 3. Vedtak i sak 0067/05 i Driftsstyret vert oppheva*
- 4. Ei ytterlegare utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved oppretting av kommunale stillingar*

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

- Driftsstyresak 0067/05

- [ASA 4313](#)

Samandrag av saka:

Volda kommune si fysioterapiteneste er sett saman av kommunalt tilsette fysioterapeutar og privatpraktiserande fysioterapeutar med driftsavtale. 2 av avtalefysioterapeutane har 100% avtalar, medan dei 3 andre er organiserte i AS (Aarflot fysioterapi AS) og har til saman 150% avtalar; altså 50% kvar.

Det har skjedd ei omfattande omlegging av finansieringa av privat fysioterapi siste 4-5 åra, noko som har gjort det vanskelegare å drive praksis med reduserte avtalar. Volda kommune forhold seg til ASA 4313 som seier at 100% avtalar skal vere regelen og at det berre dersom reelle behov tilseier det, skal avtalast reduserte avtalar. Fysioterapeutane ved Aarflot fysioterapi AS har bede om ei utviding av avtalane.

I følgje Kostratal har Volda kommune lav fysioterapidekning.

Saksopplysningar:

Fysioterapitenesta i Volda kommune er samansett slik:

Fysioterapeutar m/driftsavtale:

2x100% driftsavtalar Leidulv Langvatn og Trond Svendsen

3x50% driftsavtalar Aarflot fysioterapi AS: Magne Aarflot, Karen Aarflot, Arne Heggen

Kommunalt tilsette fysioterapeutar:

100% Randi Heltne Alfsvåg

- 20% øymerka Hamna dagsenter

50% Mona Kile

- +50% frisklivsrettleiar

30% Runa Bakke

- + 20% rehabkoordinator og 50% helsesjef

50% Guri Rogne Nyro

- samhandlingsmidlar 2012

(100% turnuskandidat

- pålegg frå 15.08.12-15.08.13)

Historikk:

1984: Kommunehelsetenestelova.

3 privatpraktiserande fysioterapeutar var etablerte, desse fekk driftsavtalar med Volda kommune (Aarflot, Langvatn, Pettersen).

Fysioterapeutressurs på sjukeheimen

1989: 3x100% driftsavtalar + 1x100% kommunefysioterapeut + 1x100% turnuskandidat

→ turnuskandidatstilling gjort om til 100% kommunefysioterapeut midt på 90-talet (lønsmidlar turnuskandidat + lønsmidlar Hamna dagsenter, som hadde oppretta 40% stilling for fysioterapeut)

5 årsverk fysioterapi

2005: Oppretta 50% driftsavtale (Arne Heggen)

100% avtale for Magne Aarflot vart delt i 2 avtalar, danna AS med til saman 100% avtale

20% av sjefffysioterapeutstilling øymerka rehabiliteringskoordinatorfunksjon

5,3 årsverk fysioterapi

2009: Sjefs fysioterapeut vart helseleiar og fekk ein delt funksjon der 30% vert nytta som fysioterapeut. I praksis vert det mindre fordi helseleiarfunksjonen "stjel" tid

2010: Oppretta 50% stilling for frisklivsrettleiar (samhandlingsmidlar 2010 jfr. 437.000 i auka ramme til Volda kommune med føringar om førebygging)

2011: Oppretta 50% stilling knytt til Klokkarstova/utfordring utskrivingsklare pasientar (samhandlingsmidlar - kommunal medfinansiering)

5,8 årsverk fysioterapi

Økonomiske tilhøve:

Fastlønstilskot (kommunale fysioterapeutar): 2012: kr.173.280 for 100% stilling
- årleg justering
Driftstilskot (private fysioterapeutar m/driftsavtale): pr. 01.07.2011: kr.375.600 for
100% avtale
- årleg justering 01.07

Privatpraktiserande fysioterapeutar har inntekt gjennom:

1. Driftstilskot frå kommunen - (frå 01.07.12: kr. 375.600). Dette har auka betydeleg siste åra og det er lagt opp til ytterlegare auke
 2. Honorar frå Helfo - ingen eller berre svak auke pga auke i driftsavtale
 3. Eigenbetaling frå pasientar - ingen eller berre svak auke pga auke i driftsavtale
- } "Pr.stykk"-
betaling

Utgiftene for kommunen er altså utbetaling av driftstilskot. Staten har sett at dei har tatt ein stadig større del av finansieringa ved privatpraktiserande fysioterapi ved at avtalar har blitt delte opp og at mykje av innteninga for fysioterapeutane har skjedd gjennom utbetalingar frå Helfo (i tillegg til eigenbetaling frå pasientar). Staten har difor hatt ønske om å endre finansieringsordninga i retning av redusert statleg og auka kommunalt finansieringsansvar. Dermed har driftsavtalane auka og "pr.stykk"-betalinga blitt redusert eller berre hatt svak auke.

Kommunale fysioterapeutar - økonomi:

Utgifter:

- Fast løn (350.900 - 430.000)
- Drift (utstyr, kompetanseheving o.l.)

Inntekter:

- Eigenandelar frå pasientar utan full refusjon
- Fastlønstilskot (for 2012: kr. 173.280 for 100% stilling pr. år)

Avtalar og lovverk - privat praksis:

Volda kommune forhold seg til ASA 4313 når det gjeld regulering av privatpraksis. I denne avtalen står det at *Kommunen kan opprette deltidshjemler når dette samsvarer med det reelle behovet, jf. 1.3 siste setning.*

I både KS og fysioterapeutforbundet sine kommentarar, blir det peika på at 100% avtale er regelen og at det berre dersom behova tilseier det, skal opprettast mindre heimlar; likevel ikkje mindre enn 40%.

I Volda kommune har vi 3,5 driftsavtalar som er fordelt på 5 fysioterapeutar; 2x100% og 3x50%. 50%-avtalane er alle hjå Aarflot fysioterapi AS.

Volda kommune lyste i 2004 ut den siste driftsavtalen; ein 50% avtale som vart tildelt Arne Heggen i 2006. I same periode søkte Magne Aarflot om å få gjere om sin individuelle avtale til eit aksjeselskap, noko kommunen aksepterte. I Driftsstyret den 23.11.05 (sak 0067/05) vart det gjort vedtak om at Magne Aarflot fekk gjere om sin individuelle driftsavtale til eit aksjeselskap med to graderte avtaleheimlar, og at overgangen ikkje skulle utløyse nye driftstilskot med kommunen (punkt 1). Punkt 4 i vedtaket seier at *Vilkår for godkjenninga er at delinga vert permanent slik at det i framtida vert minst 2 stillingar knytt opp til dette driftstilskotet/driftsavtalen.* Årsaka til presiseringane i punkt 1 og 4 var nok at det ikkje skulle vere mogleg å "kome inn bakvegen" for å oppnå ein 100% driftsavtale. Det var på denne tida stor rift om og uro knytt til tildeling av 50% driftsavtalen som Arne Heggen fekk - og stor rift om driftsavtalar generelt, noko det framleis er.

Seinare fekk Arne Heggen godkjent å gjere om sin individuelle avtale til selskapsavtale i Aarflot Fysioterapi AS. Aarflot fysioterapi fekk då 150% driftsavtale fordelt på 3 fysioterapeutar.

Når dei 3 fysioterapeutane ved Aarflot fysioterapi AS søker om utviding av driftsavgtalane, må dei tre avgtalane omtalast noko ulikt. Samstundes vil eg understreke at det er heilt klart at Volda kommune har lite fysioterapiressursar, noko som syner tydeleg på mellom anna Kostratala (sjå eige punkt). Det er også på sin plass å peike på at Aarflot fysioterapi AS har eit svært veldrive institutt med godt utstyr og mykje kompetanse.

Arne Heggen: Volda kommune lyste ut 50% avtale til tross for at ein visste at det var trong om 100% avtale. Politkarane var klare over dette og at føringane i ASA 4313 sa at hovudregelen er at det skal lysast ut 100% avgtar når ikkje vektige grunnar seier noko anna. Men økonomiske omsyn gjorde at det likevel berre vart lyst ut 50% avtale. Slik ASA 4313 er å forstå, burde det den gong ha vore lyst ut 100% driftsavtale.

Magne Aarflot og Karen Aarflot: Viser til Driftsstyresak 0067/05, som det er vist til ovanfor. Dotter til Magne Aarflot, Karen Aarflot, vart tildelt avtale nummer 2 i selskapet. I vedtaket i saka var det ein heilt klar føresetnad at det i fortsetjinga skulle vere 2 fysioterapeutar knytt til dette aksjeselskapet.

Arne Heggen lokaliserte seg saman med Magne og Karen Aarflot (Aarflot fysioterapi AS) og desse har etablert eit svært velfungerande institutt og behandlingstilbod. For å sikre drifta av instituttet var det hensiktsmessig at Arne Heggen vart med i aksjeselskapet, og dette godkjende Volda kommune i november 2011.

Fysioterapeutane ved Aarflot fysioterapi AS har pasientbehandling langt utover det avgtalane med Volda kommune forpliktar dei til. Avgtalébøkene dokumenterer pasientretta behandling tilsvarande minst eit årsverk på kvar av dei tre fysioterapeutane, altså dobbelt så mykje som det avgtalane forpliktar dei til.

Omlegging av finansieringsordninga:

Som nemnt over, har staten i lengre tid pressa på for å endre finansieringsordning i retning av redusert statleg og auka kommunalt finansieringsansvar. Frå 2008 har det difor skjedd ei gradvis omlegging av finansieringa av privat fysioterapiverksemd. Driftstilskotet har auka medan "pr.stykk"-betalinga har blitt redusert eller hatt berre ein svak auke. Dette gjer at det er merkbar mindre lønsamt å drive privat fysioterapiverksemd når ein har reduserte driftsavgtar. Tidlegare har ein kompensert for reduserte driftsavgtar ved å jobbe meir og hatt ei akseptabel inntening fordi "pr.stykk"-betaling var høgre. Dette er no betydeleg meir krevjande då omlegginga har vore stor; frå driftstilskot på kr. 250.500 i 2008 til dagens tilskot på kr. 375.600 (pr. år pr. 100% avgta). For eit institutt som Aarflot fysioterapi AS er dette merkbar då alle dei tre fysioterapeutane som er knytt til instituttet berre har 50%-avgtar. Aarflot fysioterapi AS har signalisert at det er utfordrande å drive eit veldrive institutt med den nye finansieringsordninga og har bede om utviding av driftsavgtalane. Dersom ein skal utvide avgtalane for Karen og Magne Aarflot, må vedtaket i Driftsstyret 0067/05 opphevast. Utviding av avgtalane ved Aarflot fysioterapi AS vil ikkje føre til merkbar auka fysioterapitilbod då desse fysioterapeutane alt jobbar så mykje som forventta på 100% avgtar. Det er likevel viktig å auke avgtalane for å sikre drift av eit velfungerande fysioterapitilbod både når det gjeld kompetanseutvikling og utvikling av tilbodet til dømes gjennom innkjøp av utstyr, og også av omsyn til eit rettferdsprinsipp for dei som driv privatfysioterapi verksemd m/driftsavtale.

Kort om kommunalt tilsette fysioterapeutar:

Kommunalt tilsette fysioterapeutar jobbar tradisjonelt med barn og unge med samansette behov, pasientar i institusjon, vaksne pasientar med samansette behov og førebyggjande/helsefremjande arbeid. Dette er pasientar og arbeidsformer som krev stor grad av samhandling med andre faggrupper, og mange av pasientane har krav på individuell plan og koordinator. Når det gjeld slik type jobbing er det mest hensiktsmessig å nytte kommunalt tilsette fysioterapeutar. Ei ytterlegare utviding av fysioterapitenesta, utover utviding av avtalane hjå Aarflot fysioterapi AS, bør skje ved å auke kommunalt tilsette fysioterapeutar slik at ein får ei betre fordeling i høve til privatpraktiserande og kommunalt tilsette fysioterapeutar.

Kostratal for 2011 (reviderte pr. 29.06.12):

- avtalte fysioterapiårsverk pr. 10.000 innbyggjar

Volda:	6,9
Møre og Romsdal	7,9
Kommunegruppe 10	8,6
Landet u/Oslo	8,6

Vurdering og konklusjon:

Staten har i lengre tid pressa på for å endre finansieringsordning i retning av redusert statleg og auka kommunalt finansieringsansvar. Frå 2008 har det difor skjedd ei gradvis omlegging av finansieringa av privat fysioterapiverksemd. Driftstilskotet har auka medan "pr.stykk"-betalinga har blitt redusert eller berre hatt ein svak auke. Dette gjer at det er merkbar mindre lønsamt å drive privat fysioterapiverksemd når ein har reduserte driftsavtalar. For å kunne oppretthalde eit veldrive fysioterapitilbod bør driftsavtalane ved Aarflot fysioterapi AS aukast. Framtidig auke av fysioterapiressursar bør skje ved ein auke i kommunalt tilsette fysioterapeutar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er viktig at ein legg til rette for helsetenester av god kvalitet og at ein har god nok dimensjon på tenestene for at innbyggjarane skal kunne oppretthalde god helse.

Økonomiske konsekvensar:

100% driftsavtale er pr. 01.07.12 kr. 375.600

Kostnad ved utviding til 300% (= utviding med 150% avtale): kr. 563.400

Kostnad ved utviding til 240% (= utviding med 90% avtale): kr. 338.040

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Runa Bakke
helsesjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret

Aarflot fysioterapi AS, Industrigata 12, 6100 Volda

Klageinstans:



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Årsbudsjett 2016 og Økonomiplan 2016-2019

Utdanningsforbundet Volda har følgjande kommentarar til årsbudsjettet og økonomiplanen:

Generelt:

Det er eit nøkternt budsjett, likevel eit budsjett utan kutt i tenestene. Rådmannen varslar store utfordringar i tida framover. Hanvil setje ned arbeidsgrupper som ser på dei enkelte sektorar for å skape økonomisk handlingsrom for framtidige budsjett og økonomiplanar. Det er positivt at ein ikkje kuttar før ein har hatt slike prosessar. Rådmannen skriv i si pressemelding at *«kommunen har stor investeringsbehov i rehabilitering av skulebygg..... og at dette er investeringar som er nødvendige for å støtte lovpålagte tenester.»* Utdanning av born, ungdommar og vaksne er ei av kjerneoppgåvene til kommunen. Vi vil appellere til at politikarane tek ansvar og prioriterer at dei får fysiske tilhøve som er helsefremjande, verdige og er tidsriktige.

Rådmannen skriv vidare i pressemeldinga at *«det er behov for ei retningsendring der kommunen i alle livsfasar av tenestekjeda legg ressursar i tidleg innsats.»* Tidleg innsats i staden for å reparere, både når det gjeld born, elevar og kompetansebygging er ein strategi som UDF støttar.

Barnehage

«Løyvinga over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett knytt til auka kompetanse og kvalitet blir auka med 160 millionar kroner i 2016. Midlane skal mellom anna gå til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning og til lokale tiltak for å styrke det pedagogiske arbeidet i barnehagen.» (s.37) Denne løyvinga kan ikkje Utdanningsforbundet Volda sjå att i budsjettet, heller ikkje kor stor sum dette utgjer for barnehagane i Volda.

Det er behov for å leggje til rette for kontorarbeidsplassar for leiarane ved barnehagane. Om arbeidsplassane ikkje er der, kan ein ikkje binde planleggingstida til barnehagen og planleggingsarbeidet vert utfordrande. Dette finn vi ikkje i økonomiplanen.

Skule

Statleg tiltakspakke - vedlikehald og skule- og omsorgsbygg ligg inne med 864 000,-, men vert truleg større (kanskje 20%) på grunn av satsinga av vestlandsfylka. Dette er midlar som kjem godt med!

Øyra skule

Utdanningsforbundet Volda er glade for at arbeidet med nye Øyra skule er godt i gang og at ein kan gje sentrumsborna eit godt og framtidsretta skulebygg. Det betyr mykje,

for både born og tilsette. MEN det som ikkje er lagt inn i budsjettet er **kroppsøvningsbygg og opplæringsbasseng for sentrumselevane**. Dette gjeld både for elevane ved Øyra skule og ungdomsskuleelevane. Som de sikkert kjenner til, så er dei to kroppsøvningsbygga på Volda ungdomsskule ikkje eigna lokaler for kroppsøvningsaktivitetar, slett ikkje helsefremjande, verdige eller tidsriktige. Likevel er det dette vi har å tilby elevane ved Øyra skule og ungdomsskuleelevane våre. Kor lenge vil de tilby dette til sentrumselevane våre? Når kan vi få inn midlar til kroppsøvningsbygg og opplæringsbasseng i økonomiplanen?

Volda ungdomsskule

Renovering av personalfløya ved Vus er utsatt enno ein gong. I staden for å stå i eit forpliktande budsjett, er det plassert i ein uforpliktande økonomiplan. Det er ein stor forskjell! Å stå fremst i køa , vente på «sin» tur, vere ein del av økonomiplanen og gong etter gong oppleve at ein må gå eit steg tilbake, slit på dei tålmodige arbeidstakarane dykkar. Det å ta det første spadetaket, det første hammarlaget betyr så mykje.

Sidan 2006 har Volda ungdomsskule venta lydig i køa. Dette året var det tilsyn etter lova om miljøretta helsevern på Volda ungdomsskule. På bakgrunn av dette arbeidet vart det i kommunestyret den 19.6.2008 fatta eit vedtak:

1) Volda ungdomsskule blir godkjend etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.» av 01.12 1995

2) Godkjenning blir gjort på vilkår av at det skal bli utarbeidd og godkjent ei samla og forpliktande plan for bygningsmessig vedlikehald og rehabilitering av skulen.

3) Volda ungdomsskule skal vidareutvikle sitt internkontrollsystem innan miljøretta helsevern, slik at forskrifta sin intensjon blir kvalitetssikra.

Ventetida har vore lang!

Vi ber innstendig om at politikarane ser at det å få renovering av personalfløya inn på **budsjettplanen** er eit viktig signal til Volda ungdomsskule. Det handlar om verdigheit. Dei har vist tålmod. Kjære politikarar, vis at de er klare til å ta det første hammarlaget i 2016.

Mork skule

Mork skule vil få sprengt kapasitet i nær framtid. Utdanningsforbundet Volda er positiv til at det er lagt inn 2 000 000 i budsjett for 2016 for å kunne utvide Mork skule for å møte eit aukande tal elevar.

Kompetansesatsinga på same nivå – ikkje friske midlar!

Utdanningsforbundet støttar opp om kompetansekrav for lærarar. Vi har lærarar som i ei årrekke har søkt om å få ta vidareutdanning, men fått avslag fordi omkostningane for kommunane har vore for store. Då regjeringa lanserte vidareutdanningsstrategien som eit spleiselag mellom stat, kommune og den enkelte lærar, vart omkostningane for kommunane så lave at fleire lærarar endeleg har fått kome i gong med vidareutdanning. Vi ser i budsjettet at kompetansesatsinga held fram på same nivå. Det er ikkje tilført friske midlar.

Utdanningsforbundet har åtvara mot at dei nye kompetansekrava skal ha tilbakeverkande kraft for ei rekkje fag. Trass varskuet frå Utdanningsforbundet, vedtok Stortinget dei nye reglane i juni. Desse reglane vart gjort gjeldande allereie frå august. Det som er graverande er at reglane har **tilbakeverkande kraft!** Vi har lærarar som sit

på verdifull realkompetanse, men som no ikkje har undervisningskompetanse. Det som er gjort ,er ei avskilting av lærarar - avskilting av ein heil profesjon! Ein lærar som har arbeidd som norsklærer i 20 år, men som ikkje har nok studiepoeng, vil no ikkje vere rekna som kompetent til å undervise i dette faget.

Når det er pålagt kompetansekrav, skal arbeidsgjevar i følge lovverket ha alle omkostningar, arbeidstakaren skal ikkje ha utgifter. Då kan ein ikkje gjere seg nytte av den etablerte vidareutdanningsstrategien, som er eit spleiselag mellom stat , kommune og den enkelte arbeidstakar.
Dette vil koste dyrt! **Kommunane har ikkje fått nok midlar til å kunne ta desse omkostningane.**

Konsekvensane av dei nye krava er at mange lærarar, mange med årelang erfaring og stor realkompetanse, er diskvalifisert frå å undervise i faga dei underviser i. Samtidig står fleire av desse lærarane utan tilbod om den vidareutdanninga dei treng etter innføringa av nye krav.

Skuleeigarane har ei dispensasjonsordning i 10 år framover, medan lærarar som ikkje innfrir krav om kompetanse ,vil få problem med å få ny, fast jobb dersom dei flyttar til ein ny kommune. Og utan ny fast jobb har dei heller ingen rett til å få den vidareutdanninga dei treng.

Kompetansekrava gjeld ikkje for dei som er midlertidig tilsette. Ein kan sjå for seg eit scenario der ein ufaglært vert tilsett i midlertidig stilling og kan undervise i alle fag, medan ein erfaren pedagog, som manglar nokre studiepoeng, ikkje vert rekna som kvalifisert.

Høgskulane har ikkje kapasitet til å gje vidareutdanninga til alle dei som treng det.

Stortingspolitikarane har fatta eit vedtak som dei ikkje kan ha sett konsekvensane av. Det er ikkje løyvd pengar til kommunane for å møte dette kravet. Utdanningsforbundet **Volda ber lokalpolitikarar om å melde frå til sine moderparti, slik ein kan få endra lovteksten.**

Beste helsing
Sirikit Vågen
HTV og lokallagsleiar
Utdanningsforbundet Volda
90056688



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn J. Aasebø	Arkivsak nr.:	2013/2136
		Arkivkode:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	01.12.2015
	Kommunestyret	17.12.2015

GEBYR FOR VATN OG KLOAKK 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.
2. Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringsseigedomar i høve satsane for 2015.
3. Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.
4. Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.
5. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2015.
6. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.
7. På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.

Vedleggsliste:

1. Framlegg til satsar for årsgebyr 2016 for vatn og avlaup

Samandrag/ saksopplysningar av saka:

Vedlagt fylgjer nytt framlegg til satsar for årsgebyr 2016 for vatn og avlaup.

Bunde fond kloakk er pr. 01.01.2015 positivt med 6,8 mill.kr. Fondet vil ved utgangen av 2015 vere redusert til 3,17 mill. kr. Dette er gjort ved å fakturere berre 1 av to terminer i 2015. Fondet vil likevel ikkje vere oppbrukt ved utgangen av 2016. Eg vel difor å halde satsane for avløp uendra i høve til satsane for 2015. Dette kan medføre store sprang i gebyr om nokre år, når mellom anna sentralrenseanlegget for Volda sentrum, renseanlegg Morkabygda og renseanlegg på kommunale utslepp elles i kommunen skal byggast og ferdigstillast innan utgangen av 2020.

Bunde fond på vassverk er positivt med kr. 500.000 (desember 2013). Ved fastsetjing av gebyrregulativ 2015 vert gebyr vatn tilrådd auka med 5 %. Det er realistisk at gebyr vatn må trappast opp dei komande åra pga. store føreståande investeringar på utskifting av leidningsnett og løysing krisevatn.

Satsane for eingongsgebyr for tilknytning er uendra utover satsane for 2015.

Avlesingsgebyr for vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert tilrådd vidareført. Dette vert brukt i dei tilfeller der kommunen over fleire år ikkje mottok avlesingskort og difor har stipulert forbruket på eigedomen. For at det skal bli rett gebyr, utfører kommunen sjølv avlesinga av målararen i slike høve.

Vurdering og konklusjon:

Årsgebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr og vil gi ei forventa auka inntekt på ca. 0,5 mill.kr. i høve til gebyrnivå 2015. Det er realistisk at gebyr vatn må trappast opp dei komande åra pga. store føreståande investeringar på utskifting av leidningsnett og løysing krisevatn Volda vassverk.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr for avlaup vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og næringsseigedomar i høve til satsane for 2015.

Eingongsgebyr for tilknytning vert uendra i høve til satsane for 2015.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Revisor
Økonomisjefen
Leiar rekneskap
Sakshandsamar Eli Øye Vassbotn
Servicekontoret



Volda, 30.11.2015

Gebyrregulativ vatn og avlaup 2016

Vedteke i Volda kommunestyre 17.12.2015, PS sak xxx/15

- 1. Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.**
- 2. Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringseigedomar i høve satsane for 2015.**
- 3. Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.**
- 4. Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.**
- 5. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning er uendra utover satsane for 2015.**
- 6. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.**
- 7. På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.**

Gebyrutrekning er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/ kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.

Alle prisar skal leggest til 25% mva.

1. Årsgebyr

1.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyra skal dekke fylgjande del av kommunen sine samla kostnader for høvesvis vass- eller avlaupstenestene.

Alle abonnentar i same kategori betalar likt abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert fastsett med ein sum pr. år for fylgjande kategoriar:

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
Hytte/ fritidsbustad	Kr. 716,00 pr. år	Kr. 369,00 pr. år
Bustad	Kr. 1254,75 pr. år	Kr. 650,00 pr. år
Næringseigedom	Kr. 1793,50 pr. år	Kr. 1102,00 pr. år

1.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Einingspris

Einingspris for vatn	Einingspris for avlaup
Kr. 10,25 pr. m3	Kr. 6,25 ,- pr. m3

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m3.
Avlaupsmengda vert rekna lik brukt vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x målt forbruk (m3).
- Avlaup: Einingspris (kr/m3 x Målt forbruk(m3)

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert utrekna etter stipulert forbruk og pris pr. m3.

Stipulert forbruk (m3) vert utrekna slik:

Bruksareal BRA x spesifikt forbruk (m3/m2) der:

- Arealet vert utrekna etter bruksareal BRA (m2) etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,9 m3/m2

Forbruksgebyr; *bustadar*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3 x stipulert forbruk (m3)
- Avlaup: Einingspris (kr/m3 x stipulert forbruk (m3)

Forbruksgebyr; *hytter/ fritidshus*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3) x venta brukstid
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Stipulert forbruk (m3) x venta brukstid

1) Venta brukstid vert sett som andel av året etter fylgjande modell:

- Utleiehytter: venta brukstid = 6 mnd. (50% av året) dvs. faktor 0,5
- Andre hytter/ fritidshus: Venta brukstid = 6 mnd (50% av året) dvs. faktor 0,5

2. Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentleg vass- og eller avlaupsnett

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknytning av hytte/ fritidshus, einingar/ seksjonar og bustad	50 kr/ m2 BRA	100,00 kr/m2 BRA

Eingongsgebyr for tilknytning av næringsseigedom	Kr. 25.000	Kr. 40.000
--	-------------------	-------------------

3. Årleg vassmålalarleige

Kommunen eig vassmålaren for bustad, gardsbruk i drift, næringsbygg, hytte/ fritidsbustader. Desse abonnentane betalar alle kostnader knytta til installering av målar. Vedlikehald av målar m.m. vert dekkja av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadane, som varierer med målar sin storleik etter fylgjande modell:

- 1/2", 3/4" og 1" : kr. **275,50** pr. år
- 1 1/4", 1 1/2" : kr. **472** pr. år
- 2" : kr. **1109** pr. år
- 3" og 4" : kr. **1500** pr. år
- 6" : kr. **1761** pr. år

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar kjøper og kostar sjølv sin(e) vassmål(ar), som skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen sin tilvising.

4. Tilleggsgebyr

Avlesingsgebyr for vassmål ar kr. 640,- dersom kommunen må lese av.

5. Midlertidig bruk av vatn og avlaup

Eigar/ festar av eigedom som midlertidig vert knytt til kommunen sitt vatn og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 1.1 og 1.2.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2014/2184

Arkivkode: 205

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

Kommunestyret

ENDRING AV BETALINGSSATSAR FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Administrasjonen si tilråding:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2016 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 90.068,-	Inntektsgrunnlag	2015	2016, pr. mnd
<2G	Inntekt<180.136,-	186,-	186,-*
2 – 3G	180.137,- - 270.204,-	990,-	1.020,-
3 – 4G	270.205,- - 360.272,-	1.350,-	1.390,-
4 – 5G	360.273,- - 450.340,-	1.700,-	1.750,-
>5G	450.341,->	2.030,-	2.100,-
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		295,-	357,-

Sal av mat:

	Kommentar	2015	2016
Sal av middag på institusjon og bufellesskap	Summen av middag, frukost og kvelds set vi likt med statleg fastsett sum for korttidsopphald.	77	*
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		35	*
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		35	*
Varm mat levert i privat heim		86	92
Kald mat levert i privat heim			80
Fullkost pr. døgn		147	*
Fullkost pr. mnd.	147*,- x 365 delt på 12	4.471	*

Tenester:

	Kommentar	2015	2016
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	147	*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	77	*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	77	*
Tryggleiksalarm pr. mnd.		300	310
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	145	150

Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for leigetakarar i bufellesskap	325	340
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	260	270
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time		250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.200	1.240
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.300	1.340
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	600	620
	Konfirmasjonar mm	1.300	1.340

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2015	2016
Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer **)	Kostnad pr. dag	215	225
**Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		60	62
**Transport		63	65
**Middag og kaffemat		92	98
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	*

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2015	2016
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.259,-	2.311,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

*Alle satsar merka med stjerne vert anten fastsett i sentral forskrift eller vert påverka av den statleg fastsette satsen. Satsane som står i kolonne "2016" er vidareføring frå 2015, men vert endra så snart ny forskrift opplyser dei nye satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349>

Samandrag av saka:

Lover og forskrifter regulerer det meste av det kommunen kan ta betalt for når det gjeld helse- og omsorgstenester. Kommunen samanliknar også prisnivået nabokommunar har lagt seg på for tilsvarende tenester. Endringane frå 2015 til 2016 skil seg i hovudsak på generell

prisauke. Satsane for Hamna dagsenter er ikkje nye, men har ikkje vore med tidlegare i sak om betalingsattsar for helse- og omsorgstenester.

Saksopplysningar:

Betaling for langtidsopphald på institusjon vert regulert i "forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester". Bebuarane betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka. Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla "heimhjelp". Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som no er kr. 180.136,-. For inntekter over 2G er det kommunen som står fritt til å fastsette betalingsattsane. Den sentrale forskrifta som fastsetter 2016- satsar er ikkje vedtatt endå, men lekkasjer om satsane har kome i forbindelse med endringar på betaling for institusjonsopphald der pasientar må dele rom. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå nokre kommunar å samanlikne seg med.

	Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd.					
	<2G	2-3G	3-4G	4-5G	>5G	Timesats
Volda 2015	186	990	1350	1700	2030	295
Ørsta 2015	186	930	1208	1607	2163	287
Ulstein 2015	186	960	1800	1800	1900	296
Hareid 2015	186	1082	1334	1854	2153	263
Vanylven 2015	186	774	1032	1548	1548	
Herøy 2015	186	1000	1300	1600	1900	250
Sande 2015	186	936	1404	1684	1976	375

Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd.							
	Volda	Ørsta	Herøy	Ulstein	Sande	Hareid	Vanylven
Mot alarmsentral	310	341	300	290	219	290	258
I bufellesskap	150	140					

Det er skilnad på det forskrift kallar "dagopphald på institusjon" og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Det er sterkt fokus på førebyggjande helsearbeid ved å legge til rette for at folk kan bu heime så lenge som råd. "Dagopphald på institusjon" er lite brukt hjå oss, men då blir tilbodet gitt i institusjonsavdelingane og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanserom og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse roma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men likevel vil nytte seg av tilbodet på Hamna dagsenter.

Vurdering og konklusjon:

Dei ulike betalingsattsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Nokre utleigeprisar har fått påslag utover dette, det har lite konsekvens for den tradisjonelle brukaren av våre tenester. Nokre prisar ved Hamna dagsenter vert fastsette politisk for første gong.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekklister, slett denne linken etter bruk.](#)

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje konkret utrekna då fleire satsar vert endelege først etter at nye forskrifter er vedtatt sentralt. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 70.000,- om desse endringane vert ståande.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans: